

Per Brekke

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8013 - 21/51623

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
28.07.2021

Løyve til skadefelling av grågås - gbnr 100/ 3, Fjellsenda.

Administrativt vedtak: Saknr: 838/21

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark §3-5. gjev Alver kommune Per Audun Kolstad Brekke Johan, skadefellingsløyve til 6 grågås på slåttemark på gbnr. 100/3, Fjellsenda.

Løyvet plikter at dei førebyggande tiltak til stansning eller avveging av skaden i rimeleg utstrekning heldt fram samstundes med skadefellinga. Det vert oppfordra til at skadefellinga vert kombinert med at det vert lagt ut friområde der gåsa fritt kan beite for å auka effekten av skadefellinga.

Skadefellingsløyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Det skal tas ut skadegjerande individ i det området der skaden er.
- Det skal ikkje skytast meir enn 2 fuglar i døgnet.
- Det vert fortrinnsvis ta ut unge fuglar.
- Løyvet gjeld fram til 10. august 2021.
- Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som uttaket er avslutta og innan 1. September 2021.
- Avtale med grunneigar er eit krav for at skadefelling skal kunne gjennomførast.
- Uttaket skal følge FOR-2020-04-01-565 Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark.

Grunngjeving går fram av saksutgreiing.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Saka gjeld:

Per Audun Kolstad Brekke søker i brev dagsett 28.07.2021 på vegne av grunneigar Kari Holmås om skadefellingsløyve av gås. Det er søkt om å ta ut gås på gbnr. 100/3, Fejlsenda i Alver kommune for nødvendig å stanse eller avverje skade på avling.


Grågås og kanadagås gjør vesentleg skade på 27 dekar fulldyrka eng til grovfôrproduksjon.

Gjæsene kommer vanlegvis først nåen ukar i mai/juni og tilbake igjen nåen ukar i juli/august. Gjæsene åter store deler av avlingen og etterlater seg ekskrementer som forringer fôrkvaliteten. Det vert anslått ett tapp på kr. 12.000-18.000 pr år.

Talet av gjæs er økt den siste uke frå 30-40 gjæs til nu 50-100 gjæs.

Det vert forsøkt å skremme bort gjæsene ved gjerde, fugleskremsel og manuell skremming.

Skada av gjæs er eit tilbakevendande problem på eigendommen korfor det vert drevet gåsejakt på eigendommen tidlegare. Jakta har vært til ingen nytte da hovudparten av gjæsene har forlat områda når jakta begynner.



VURDERING:

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7. Prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Dei seinare åra har vi sett ei auke i bestand av grågås i vårt område. I dag er jakttida på grågås sett til 10.08 –23.12. Jakttida samsvarar ikkje med perioden skadepotensialet er størst og skadefelling er i nokre tilfelle nødvendig for å redusere skade på slåttemark og beite. Skadefelling er eit unntak frå villova og fredings prinsippet, for å hindre eller redusere avlingstap, og må ikkje true bestandens overlevelse. I heile Nordhordland er problema med gås et kjent problem. Gåsa startar beiting på slåttemarka tidleg vår og det kan medføra stor skade på enga. I tillegg til redusert avling er det eit stort problem at gåsa skit i avlinga og øydelegg eller redusera kvalitet på foret. Det har vore fleire artiklar om kor store tap gåsa gjør på avlinga, og kva tap dette utgjer for bonden. Etter forskrifta er eit krav at skaden er eller kan bli av vesentleg økonomisk betydning samt uttaket er egna til å stanse eller vesentleg redusere skadesituasjonen før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er drift på eigedommen som no søker skadefelling, og avlingstap og redusert forkvalitet utgjer eit vesentleg økonomisk tap for drifta. Det er krav om at det skal vera brukt skadeførebyggja tiltak i rimeleg utstrekning, vurdert ut frå kva verdiar som skal beskyttast og kostnadene ved desse for å redusera skadeomfanget, før ein kan gje skadefellingsløyve. Det er freista med vanlege skremmetiltak utan at det har fungert, gåsa forsvinn ein kort periode, men kjem raskt attende.

Skadefelling er ikkje ei optimal løysing på det aukande problemet med gås i regionen, men i denne konkrete saka vert det vurdert som naudsynt og egna til å stanse eller vesentleg redusere skadesituasjonen utan at uttaket truer bestandens overlevelse.

Kommunal viltforvaltar har vert på synfaring på arealet 27.07.2021.

Det vert gjev løyve til skadefelling av grågås. Ifølgje Forskrift om skadefelling kan skadefelling av kanadagås utførast etter skadelidde egen beslutt.

Regelverk

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

FOR-2020-04-01-565 Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forsking og dyrepark.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/51623

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Per Brekke